



Arkivnr: 2018/7440-1

Saksbehandlar: Toralf Rutledal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.02.2018

### Kriterium for tildeling av ymse tilskot

#### Samandrag

Fylkesrådmannen har utarbeidd kriterium for tildeling av ymse tilskot frå Hordaland fylkeskommune, og tilrår at Fylkesutvalet set av ein fast sum som slike tilskot kan tildelast frå.

Fylkeskommunen gjev tilskot til ymse lag og organisasjonar som ikkje høyrer naturleg inn under dei etablerte tilskotsordningane. Fylkesrådmannen tilrår at det vert utarbeidd retningslinjer med klare kriterium for tildeling av desse tilskota, og gjev med dette forslag til kriterium for slike tilskot.

Av omsyn til opne og transparente prosessar, høve til sporing og etterprøving, ønskjer fylkesrådmannen å etablere desse tilskota som ei offisiell stønadsordning med gjevne kriterium for tildeling og søknadsfrist.

#### Kriterium:

- Tilskotet går til tiltak som kjem hordalandsamfunnet til gode, og ligg innanfor kjerneområda for fylkeskommunen si verksemd.
- Tilskotet går til tiltak som understøttar hovudmåla som går fram av utviklingsplan for Hordaland.
- Tiltaket kjem ikkje innunder andre HFK-ordningar.
- Gjennom tildelingane skal det søkjast å oppnå ei viss rullering mellom søkjarar, for å sikre at flest mogleg aktørar vert tilgodesett.
- Midlar som ikkje vert nytta ut frå gjevne vilkår, kan krevjast betalt tilbake.

**Økonomi:** Dei føreslegne kriteria og tildelingsprosessen vil bidra til transparens.

**Klima:** Mogleg effekt dersom tildelingskriteria vert lagde til grunn i tildelingane.

**Folkehelse:** Mogleg effekt dersom tildelingskriteria vert lagde til grunn i tildelingane.

**Regional planstrategi:** Mogleg effekt dersom tildelingskriteria vert lagde til grunn i tildelingane.

### Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at det vert oppretta ei søknadsordning til erstatning for budsjettposten «ymse tilskot».
2. Fylkesutvalet godkjenner ei rame for søknadsordninga på 1,5 mill. kr.
3. Fylkesutvalet godkjenner tildelingskriterium og prosedyre slik det går fram av saksutgreiinga.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 07.02.2018

### Saksutgreiing:

Hordaland fylkeskommune får kvart år ei rekke førespurnader om økonomisk stønad og/eller annan medverknad til ulike føremål, aktiviteter og arrangement, som ikkje fell innanfor dei etablerte tilskotsordningane (sjå budsjett 2018 s. 150: «Ymse postar»). I sum gjev fylkeskommunen vesentleg økonomisk stønad til slike føremål og aktiviteter. Det er viktig for fylkeskommunen at slike førespurnader vert handsama på ein profesjonell og einsarta måte.

I sak 228/13 vedtok fylkesutvalet at søknader om støtte til tiltak dekkja over fylkesutvalet sin rådeveldekonto måtte syne at føretaket kjem hordalandsamfunnet til gode, og at det ligg innanfor kjerneområda for fylkeskommunen si verksemd.

### Fylkesrådmannen gjev framlegg om at søknader skal vurderast ut frå følgjande kriterium og retningslinjer:

#### Kriterium:

- Tilskotet går til tiltak som kjem Hordaland-samfunnet til gode, og ligg innanfor kjerneområda for fylkeskommunen si verksemd.
- Tilskotet går til tiltak som understøttar hovudmåla som går fram av utviklingsplan for Hordaland.
- Tiltaket kjem ikkje innunder andre HFK-ordningar.
- Gjennom tildelingane skal det søkjast å oppnå ei viss rullering mellom søkjarar, for å sikre at flest mogleg aktørar vert tilgodesett.
- Midlar som ikkje vert nytta ut frå gjevne vilkår, kan krevjast betalt tilbake.

#### Krav til søknaden:

- Kort omtale av kva søkjar ønskjer å nytte tilskotsmidlane til, inklusive målsettingar og relevans for tilskotsordninga.
- Plan for gjennomføring og vurdering av forventet effekt.
- Søknadsbeløp.
- Enkel rapportering på gjennomføring og resultat av nytta midlar tildelt siste år skal leggjast ved eventuell søknad om nye tilskotsmidlar.

#### Kven kan søke:

- Lag, grupper, institusjonar og organisasjonar. Einskildpersonar kan ikkje søke.

I budsjettet for 2018 er ulike lag og organisasjonar tilgodesett med løyvingar på til saman 1,3 millionar kroner frå fylkeskommunen. Av omsyn til opne og transparente prosessar, høve til sporing og etterprøving tilrår fylkesrådmannen å etablere desse tilskota som ei offisiell stønadsordning med gjevne kriterium for tildeling og søknadsfrist. Fylkesrådmannen tilrår vidare at økonomisk ramme for ordninga vert sett til 1,5 millionar kroner.

Ordninga vert gjort kjend på fylkeskommunen sine flater (nettsider, Facebook, etc). Søknadsfrist vert sett til 1. juni 2018, og søknadene vert lagt fram med tilrådingar i tilknytning til fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett i oktober 2018.